

Sak			
Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	21.03.88	Brev fra Hemsedal kommune til U.O.	
2	26.07.88	Brev fra U.O. til Hemsedal kommune	Ingen fronninger.

HEMSEDAL KOMMUNE

TEKNISK ETAT

OLDSAKSAMLINGEN	
Jnr 000875	23.MRS88
SAKS. POU	ARI

Fylkesmannen i Buskerud v/Miljøavd.
Fylkeskommunen v/Plan-og næringskontoret.
Hemsedal landbruksnemnd
Fylkeslandbrukskontoret i Buskerud
Universitetet i Oslo, Oldsaksamlingen
Hemsedal Viltnemnd
Hemsedal Friluftsnemnd
Hemsedal Innlandsfiskenemnd
Hemsedal Helseråd
Hemsedal EL-verk
Televerket
Kommuneplannemnda

3560 HEMSEDAL, 21.03.88

TELEFON (067) 78 155

VÅR REF.: 504-284/88 -/eg

REGULERINGSPLAN FOR FJELLSTØLANE OG HOLSTEIN SAMEIGE I HEMSEDAL

Vedlagt oversendes reguleringsplan for Fjellstølane og Holstein sameige.

Hemsedal bygningsråd har under sak nr 28/88-br vedteke at framlegg til reguleringsplan for Fjellstølane og Holstein sameige, skal utleggjast til offentlig ettersyn i samsvar med § 27-1, pkt 2 i plan-og bygningslova, samstundes skal det innhentes uttale fra aktuelle nemnder og råd.

Området er regulert til : - byggjeområde for utleigehytter
- landbruksområde
- spesialområde-naturvernområde
- felles trafikkområde/lekeområde.

Ein ber om uttale til planframlegget innan 10. mai 1988.

Med helsing

Elisabeth Gyllensten
Elisabeth Gyllensten
fullmekt

Vedlegg : Reguleringsplan m/vedtekter

HEMSEDAL BYGNINGSRÅD	Møtested Teknisk etat	Møte dato Torsdag 10.03.88 kl 12.00
----------------------	--------------------------	---

Tilstede på møtet var 7 medlemmer og 0 varamedlemmer.

Sak nr 28/88-br : Framlegg til reguleringsplan m/vedtekter for Fjellstølane og Holstein sameige.
1. gongs handsaming

Sakshandsamar : Kst. teknisk sjef Ragnhild Halbjørhus

MERKNADER

Samfunnsteknikk A/S har på vegne av grunneigarane i Fjellstølane og Holstein sameige fremma framlegg til reguleringsplan for

gnr 71 bnr 2 Magnhild Finset Fjeldheim
gnr 82 bnr 1 Knut Fauske
gnr 83 bnr 1 John Wølle
gnr 83 bnr 2 Ola Brandvoll
gnr 83 bnr 3 Anders Brandvoll

Planområdet omfattar heile Fjellstølane og Holstein sameige, totalt ca 24 km². Heile dette området er innteikna på kart i målestokk 1:50 000, og er det meste tenkt regulert til naturvernområde.

Området er avgrensa landskapsverneområdet i Hydalen i nord-aust og nedslagsfelt for vannreservoar mot aust, og sett i samanheng med dette.

I vedtektene står det m.a. at alle inngrep som kan forandre landskapet sin art eller karakter er forbode i naturvernområdet. Innafor området er det regulert inn tre mindre landbruksområder samt eksisterande hyttefelt (H 4).

For det planlagte hytteområdet er det laga ein eigen plan i målestokk 1: 2000. Dette området er på ca 260 da og ligg innafor sone H 5 i arealdelen i kommuneplanen.

Frådeling av tomter og oppføring av fritidsbygg kan ikkje skje i området før det er utarbeida reguleringsplan, og ein har sett eit tal på 20 hytter for utbygging.

I reguleringsplanforslaget er det tenkt 10 hytter for sal innafor område H 1, 5 hytter for utleige i område H 3, og for område H 2 er hyttene ikkje detaljplassert, men det er sett ein utnyttingsgrad på U=0.05. Innafor dette området er det og føreslått eit administrasjons-/servicebygg. Resten av planområdet er regulert til friområde og landbruksområde, med unntak av vegar og parkering.

Storleiken på tomter og hytter er i samsvar med generelle reglar for fritidsbygg i Hemsedal og planen er elles i samsvar med kommuneplan for Hemsedal.

Sign.

Utskrift sendt til

Når det gjeld teknisk anlegg er vassforsyninga tenkt løyst ved bekkinntak i Holsteinåni.

Det er utarbeida framlegg til avløpsanlegg, med infiltrasjon av avløpsvatnet i grunnen. Anlegget skal dekkje alle hyttene.


Avløpssøknad vert fremme i eigen sak.

Saka vert lagt fram utan tilråding

SAMRØYSTES VEDTAK :

I medhald av § 27-1 pkt 2 i plan-og bygningslova, godkjenner Hemsedal bygningsråd at framlegg til reguleringsplan for Fjellstølane og Holstein sameige m/vedtekter vert lagt ut til offentleg ettersyn, samstundes som det vert innhenta uttale frå aktuelle grunneigarar, nemnder og råd.

- Bygningsrådet vil peika på at det på plankartet for område H 2 og H 3 vert påført hyttetall i staden for utnyttingsgrad.
- § 1.3 i reguleringsføresegnene vert endra slik at maksimal utnyttingsgrad vert endra til hyttetall ikkje til kommuneplanen.



G0016

Fjellstølane og Holstein sameige

Hemsedal kommune

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN

Feb. 1988



samfunns-teknikk as
HÅNDGIVNE INGENIØR- OG ARKITEKTER

INNHALD,

Orientering

Reguleringsføresegner

Plankart (tegn. 01)

VEDLEGG.

1. Grensebeskrivelse for Fjellstølane og Holstein sameige
2. Grensebeskrivelse for landbruksområde i Holsteinlia

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLANAR FOR FJELLSTØLANE OG
HOLSTEIN SAMEIGE.

INNLEIING.

Desse reguleringsføresegnene gjeld for dei områda som på planane er vist med reguleringsgrense.

Reguleringsplanen for Fjellstølane og Holstein sameige er i målestokk 1:50.000, men for den delen av sameiget som det er planlagt hytteområder, er det utarbeidd eigen reguleringsplan i målestokk 1:2000.

Dei to plankarta er begge på teqn. nr. 01, sak G0016, dat. 5.2.1988.

Det regulerte areal omfatta fylgjande eigedommar:

- gnr. 71, bnr. 2.
- gnr. 82, bnr. 1.
- gnr. 83, bnr. 1,2,3.

Områda er regulert til:

Byggeområde - hytter, fellesanlegg.

Landbruksområde

Trafikkområde - veg.

Spesialområde - avløpsanlegg, friluftsområde,
naturvernområde.

Andre bestemmelsar - felles avkjørsel, parkeringsplass og areal
for lek og sport.

§ 1. HYTTEOMRÅDE (H1, H2).

§ 1.1 På kvar tomt kan det byggjast frittliggande hytte. Med ein etasje og event. loft (hems).

§ 1.2 Maksimal høgde frå terreng til møne er 5 m.

Det skal nyttast saltak med vinkel 18-35 grader.

Eventuell utgravd kjellar skal ikkje ha høgare utvendig synleg kjellarmur enn 70 cm. Hyttene skal ha grunnmur.

§ 1.3 I hytteområde H1 kan det byggjast totalt 10 hytter.

I hytteområde H2 kan det byggjast totalt 5 hytter.

§ 1.4 Hyttene skal tilknyttast vatn og kloakksystemet for området.

§ 2. OMRÅDE FOR UMLEIGEHYTTER H3.

§ 2.1 Det kan byggjast 5 utleigehytter og eit administrasjonsbygg/servicebygg.

§ 2.2 Maksimal høgde frå terreng til møne er 5 m. Det skal nyttast saltak med vinkel 18-35 grader.

Eventuell utgraved kjellar skal ikkje ha høgare utvendig synleg kjellarmur enn 70 cm.

Hyttene skal ha grunnmur.

§ 2.3 Maksimal utnyttingsgrad gjeld heile feltet og er påført planen.

§ 2.4 Det skal i området opparbeidast 3,0 biloppstillingsplassar pr. utleigeeining.

§ 2.5 Hyttene skal tilknyttast vatn- og kloakksystemet for området.

§ 3. HYTTEOMRÅDE (H4).

§ 3.1 På kvar tomt kan det byggjast frittliggande hytte. Med ein etg. og event. loft (hems).

§ 3.2 Maksimal høgde frå terreng til møne er 5 m.

Det skal nyttast saltak med vinkel 18-35 grader.

Eventuell utgravid kjellar skal ikkje ha høgare utvendig synleg kjellarmur enn 70 cm. Hyttene skal ha grunnmur.

§ 3.3 Det er ikkje tillatt med innlagt vatn.

§ 4. OMRÅDE FOR LANDBRUK.

§ 4.1 Områda skal brukast til tradisjonelt landbruk.

§ 4.2 Bygg og anlegg som har tilknytning til landbruksdrift, kan innpassast i områda.

§ 5. SPESIALOMRÅDE AVLØPSANLEGG.

§ 5.1 Området skal nyttast til infiltrasjonsanlegg.

§ 6. SPESIALOMRÅDE - FRILUFTSOMRÅDE

§ 6.1 Friluftsområde skal brukast til ski/turløype og anlegg for leik

§ 6.2 Det kan ikkje oppførast bygg i friluftsområdet.

§ 7. SPESIALOMRÅDE - NATURVERNOMRÅDE.

§ 7.1 Naturvernområdet dekkjer det meste av planområdet. Grensene for området er omtala nærare i orienteringa.

§ 7.2 Alle inngrep som vesentleg kan forandre landskapet sin art eller karakter er forbode. Eksempel på slike inngrep er dyrking, drenering, uttak eller utfylling av masse, bygging av vegar, framføring av luft-ledningar, oppføring av bygningar, anlegg eller andre innretningar, og innføring av framande tresortar.

§ 7.3 Føresegnene i § 7.2 er ikke til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsformål.
2. Utnytting av beiteressursane, herunder også medrekna reindrift.
3. Skogsdrift i samsvar med skoglova.
4. Jakt etter viltlovens føresegner og forsøksverksemd i viltskjødsel og vegetasjonsfornyng.
5. Utnytting av fiskeressursane.
6. Vedlikehald av Hydalsvegen.
7. Uttak av massar i grustak ved Oset til vedlikehald av Hydalsvegen.

§ 8. ANDRE FØRESEGNER.

Hovedadkomsten til hytteområda er frå Hydalsvegen som har samband med Grøndalsvegen.

Felles parkeringsplassar skal ha 1,5 biloppstillingsplassar til kvar hytte.

§ 9. UNNTAK.

Unntak frå desse reguleringsføresegnene kan bygningsrådet gje høve til når særlege grunnar talar for det, innanfor ramma av bygningslovgjevinga og byggevedtektene for kommunen.

ORIENTERING

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR FJELLSTØLANE OG HOLSTEIN SAMEIGE I HEMSDAL KOMMUNE.

1. INNLEIING.

Reguleringsplanen for Fjellstølane og Holstein sameige er utarbeida på kart i M = 1:50.000. Men for planlagte hytteområder er det utarbeida reguleringsplan i M = 1:2.000.
Det er felles reguleringsføresegner for dei to planane.

2. INNHALD.

Planen inneheld

- Denne orienteringa
- Plankart (tegn. 01)
- Reguleringsføresegner

3. MÅLSETTING.

Grunneigarane for Fjellstølane og Holstein sameige ynskjer sjølv å kunne utvikle sameige på ein måte som kan styrke næringsgrunnlaget for gardsbruka. Ved å regulere det meste av arealet over 1.000 m.o.h. til naturvernområde vil også grunneigarane sikre dette området for naturvern-interessene og hindre tekniske inngrep.

4. EKSISTERANDE SITUASJON OG FØRESETNADER.

4.1 Kommuneplan.

I vedtatte kommuneplan for Hemsedal er det i kommunedelplanen for Grøndalen foreslått område for fritidsbusetnad (H5) i dei områda som no er regulert til hytteområde.

4.2 Avgrensing.

Arealet omfattar heile Fjellstølane og Holstein sameige, totalt ca. 24 km², og området har fylgjande avgrensing:

- mot sør, Holsteinåni, Holsteintinden
- mot aust, høgde vest for Vestrebotn, Langetjødni
- mot nord, Hydalsbjallen, Ljøtebotn
- mot vest, Vavatn, Gjuva, Skardsberget

I vedlegg 1 er avgrensinga av området nærare spesifisert.

4.3 Eksisterande hyttetomter/hytter.

Fylgjande hyttetomter er tidligare selde/godkjente i planområdet.

GNR/BNR	EIGAR	PLASSERING
71/2	Oddlaug og Bjørg Finset	Holsteinlia
82/81	Åge Martinsen	Holsteinlia
82/76	Per Klæboe	Holsteinlia
82/75	Ola Rundtom	Holsteinlia
82/70	Morten Brunvoll	Holsteinlia
71/10	Arne Finset	Holstein
82/47,59	Kikki Næss	Fjellstølen
85/24	Gro Sætre Rommen	Fjellstølen
86/69	Per Wold	Fjellstølen
83/38	Hans Hotvet	Fjellstølen
82/72	Odd Halle	Fjellstølen
83/30	Bjørn Klevmark	Fjellstølen
83/59	Trygve Næss	Fjellstølen
83/3	Knut Brandvold	Fjellstølen
82/57	Sverre O. Lie	Fjellstølen
71/12	Per Olav Antonen	Oset
82/43	Doth Eitzen	Oset
85/6	Åge Wøllø	Oset
82/42	Sigurd Astrup	Oset
83/34	Arne Toft Pedersen	Oset
84/5	Dr. Arne Refsdal	Oset
83/85	A. Huseby Co. A/S	Oset
82/44	Marianne Hjelmen Graham	Oset
83/58	Sigurd Brandvold	Oset
83/60	Helle Hovde	Oset
	Ola Bekkevold	Fjellstøllia
83/2	Ola Brandvold	Fjellstøllia

5. PLANFORSLAG.

5.1 Hyttefelt.

Hyttene er tenkt plassert i 3 felt.

I hytteområde H1 er det planlagt totalt 10 hytter for sal.

For område H2 er ikkje hyttene detaljplassert men det vil bli utarbeidd eigen tomteplan, med totalt 5 hytter. Fordelinga mellom utleigehytter/salgshytter vil då bli vurdert.

I område H3 er det planlagt 5 utleigehytter.

Hyttetomter vil variere i storleik frå ca. 1 - 1,5 daa. Samla grunnflate som det er bygt på skal ikkje vera meir enn 125 m² pr. tomt.

I samband med utleigehyttene i område H3 er det plassert eit administrasjonsbygg/servicebygg som bl.a. vil innehalde kontor, lager, vask og turkerom.

5.2 Landbruksområder.

Aust for hytteområda ligg Fjellstølen som er stølane for grunneigarane i sameiget. Her er det òg fråskilt hyttetomter i fylgje pkt. 4.3.

Nord for hytteområda, mellom Fjellstølen og Vavatn er eit areal regulert som landbruksområde med tanke på oppbygging av felles støl for grunneigarane og dei med beiterett i sameiget.

I Holsteinlia, aust for Fjellstølen, er det eit område som òg er regulert som landbruksområde. Her er det fråskilt 5 hyttetomter (jfr. pkt. 4.3.).

I vedlegg 2 er avgrensinga av området nærare spesifisert.

5.3 Vegar.

Adkomst til hytteområda er frå Hydalsvegen som har samband med Grøndalsvegen.

Gjennom området for utleigehytter (H3) skal det byggjast ein veg som kryssar Holsteinåni. Denne vegen skal vera ski-samband mellom hytteområda og alpinanlegget. Alpinanlegget skal ha høve til å bruke vegen etter nærare avtale. Denne vegen og Hydalsvegen vil gje godt samband med alpinanlegget.

Hydalsvegen går gjennom planområdet fram til Vavatn og på austsida av Vavatn mot Hydalen.

Frå Hydalsvegen går det veg til eit hytteområde vest for Gjuva.

Vegane i hytteområda skal ha ei breidde på 3-4 m. Maksimal stigning er 10%.

Oppstillingsplassar for bilar vert lagt ved adkomstvegane. Det skal vere minst 2-3 plassar pr. hytte/utleigeeining.

5.4 Friluftsområde

Mellom og i hyttefeltene er det lagt inn turveg/løype-trasear. Desse er lagt slik at dei fører til felles adkomst til alpinanlegg og turterreng, og i minst mogeleg grad kryssar adkomstvegane.

5.5 Naturvernområde.

Naturvernområdet skal brukast til friluftsområde. Viltinteressene skal sikrast gjennom eigne driftsplanar.

Området er også vurdert i ein arealmessig større sammenheng med landskapsvernområdet Hydalen i nord-aust og nedslagsfelt for vannreservoar mot aust.

5.6 Avløpsanlegg.

For hytteområde H1, H2 og H3 er det utarbeidd ein felles utsleppssøknad.

Det er gjort grunnundersøkingar, og på grunnlag av desse er det gjort framlegg om ei løysing med infiltrasjon av avløpsvatnet i stadlege massar.

5.7 Vassforsyning.

Alternative vasskelder er fjellbrunnar og bekkeinntak. Den mest aktuelle vassforsyningskjelda vil vere å etablere eit bekkeinntak i Holsteinåni, som kan forsyne heile utbyggingsområdet.

5.8 Renovasjon.

For hytteområda vil det vere containerrenovasjon med sentralt plasserte containarar.

Gol, 9.2.1988
SAMFUNNSTEKNIKK A/S
Knut Arne Gurigard

GRENSEBESKRIVELSE - FJELLSTØLANE OG HOLSTEIN SAMEIGE.

(I følge utskiftningsforretning i 1939).

Heimseterhavnen for brukene i Finset, gnr.71, Rusto, gnr.77 og Hulebak, gnr.78, er avmerket således: Fra Rustogrinden går grensen i nordvestlig retning ca.740 m. til kors i stein (merkepunkt 1) på bergene ovenfor Hulebak og omtrent samme retning ca.250 m. til kors i berg med merkestein (2), omtrent s.r. 440 m. til kors i berg med ~~merkestein~~ merkerøis (3) og s.r. ca.70 m. til Leinebekken. Herfra og nordover danner Leinebekken grensen i en lengde av ca. 800 m. mot Brandvold utmark. Fra Leinebekken går grensen i vest-nordvest til merkerøis (4) nær bekken, samme retning 410 m. til kors i berg med røis (5), omtrent s.r. 150 m. til do.(6), hvor grensen gjør en svak bøl i nordvest, ca.540 m. til kors i berg med merkestein (7), s.r. 550 m. til kors i stor stein (8) oppå bergkanten og s.r. ca.220 m. til hjørnepunkt ved et litet tjern. Herfra går grensen i øst-nordøst ca.300 m. til kors i berg med røis (9) på en fjelltopp, derfra i nordøst ca.460 m. til trigonometrisk varde på Leinenesadn (10), derfra i litt mer øst ca.920 m. til røis (11) på en fjelltopp, som på Norges Geografiske Opmålings

kart er betegnet med høide 1354 m., derfra i øst ca. 625 m. til kors i berg (12) på østsiden av Holsteinskaret ved et gammelt steingjerde, derfra i litt mer sydlig retning ca. 630 m. til varde (13) på Holsteintinden (høide 1542), derfra i øst-syldøst ca. 1180 m. til kors i berg med røis (14) på en skarp rygg nordvestligst på Leinenosi. Herfra går grensen i sydøst ca. 440 m. til kors i berg ved varde (15) på Leinenosi (høide 1675) og samme retning ca. 930 m. til Finsetbekken (Haugsbekken). Heimseterhavnen for Finset, Rusto og Hulebak støter derefter i sydøst til nevnte elv og tidligere avmerket grense mot Haug og derefter i syd til hjemmeeiendomme for Finset og Rusto.

Brukene i Brandvold har et sameiefelt, forsåvidt grunnen og havnen angår, i Kvitingene. Dette felt er begrenset således: I øst støter det til Leinebekken, i syd og vest støter det til hjemmeeiendomme og Muren seterlag ved en grense som utgår fra Leinebekken ca. 70 m. nordvest for merkepunkt 3, og går i retning nordvest 150 m. til kors i berg med merkestein (16), derfra i vest ca. 335 m. til kors i berg med røis (17), omtrent s.r. ca 250 m. til et gammelt steingjerde ved en løe, derfra ca. 430 m. til kors i berg med røis (18), syd for Kvitingtjern, derfra ca. 305 m. til do. (19), også syd for Kvitingtjern, derfra i vest-nordvest ca. 225 m. til merkerøis (20), derfra i nordvest ca. 470 m. til do. (21), derfra i nord-nordvest ca. 370 m. til do. (22) i Bjødnaskori, derfra i nord-nordøst ca 480 m. til gammel varde oppå fjellkanten (23), derfra i øst-nordøst i retning av et kors i berg med røis, ca. 220 m., til den foran beskrevne grense for Finset, Rusto og Hulebak heimseterhavn ved et litet tjern.- I nordøst støter sameiefeltet i Kvitingene mot Finset Rusto og Hulebak heimseterhavn fra Leinebekken og til det lille tjern på fjellet etter merkepunktene 4-8.

De interesserte bruk i Finset, Rusto og Hulebak heimseterhavn og i sameiefeltet Kvitingene har ingen gjensidig slåtterett i

hinannens sameier. Forøvrig er eiendomsforholdene til slått og skog ikke berørt.

Grensen mellem Fjellstølene-Holstein på vestre side og Trøimsbotn m.v. (Trøim og Kirkebøen) på motsatte side utgår fra merkepunkt 14 i grensen mot Finset, Rusto og Hulebak heimseterhavn og går i nord litt øst, ca. 930 m. til merkerøis (24) i en liten dal, derfra litt mer øst ca. 240 m. til varde på en fjelltopp (25) (høide 1549 m.), derfra i nordøst ca. 260 m. til merkerøis (26) på en annen fjelltopp (høide 1550), derfra i nord litt vest til varde (27) på en fjelltopp (høide 1523), derfra i nord-nordøst ca. 220 m. til kors i stein med røis (28) i en dal, derfra omtrent i øst ca. 415 m. til merkerøis (29), derfra i nord-nordøst ca. 490 m. til kors i berg (30) og varde på en fjelltopp (høide 1653 m.), derfra litt mer øst ca. 650 m. til kors i berg med varde (31).

Herfra støter Fjellstølene-Holstein til Sør-Hydal. Grensen går fra merkepunkt 31 i omtrent nordøst ca. 970 m. til kors i berg og vinkelstein (32) på en fjelltopp (høide 1684 m.). Her vinkler grensen og går i nordvest ca. 160 m. til merkestein (33), omtrent s.r. ca. 700 m. til gammelt steingjerde og derfra etter dette ca. 35 m. til Langetjern og s.r. til tjernets djupål. Derfra i vest-sydvestlig retning i en lengde av ca. 670 m. følger grensen djupålen. Fra Langetjern går grensen i nordvest til merkerøis (34) på et nes på nordre siden av Langetjern, ca. 67 m. fra stranden, s.r. ca. 630 m. til røis (35) på en fjelltopp (høide 1563 m.) og s.r. ca. 350 m. til grensen mot Nord-Hydal.

Herfra støter Fjellstølene-Holstein til Nord-Hydal etter en grense som utgår fra sist beskrevne punkt og går i vest-sydvest ca. 570 m. til *markstein (36), derfra i vest* ca. 1100 m. til do. (37) på en fjellrygg (høide 1426), derfra i vest-nordvest ca. 500 m. til do. (38) på en fjelltopp (høide 1383).

Herfra støter Fjellstølene-Holstein til Vabuleino etter en

grense som utgår fra sist beskrevne merkepunkt og går i syd ca. 350 m. til hjørnemerkestein (39), derfra i vest-sydvest ca. 1100 m. til merkestein (40) på en lav haug, derfra i vest litt syd ca. 260 m. til merkestein (41) nær Ljøtebotåni, ca 5,0 m. ovenfor veien og s.r. ca. 100 m. til Vavatn.

Herfra støter Fjellstølene-Holstein til Vavatn og derefter i vest til Gjuva og i syd til Fjellstølåni (Holsteinåni). Derefter støter feltet til seterlagene Helgeset og Muren etter en grense som utgår fra Fjellstølåni, litt ovenfor de gamle vollene på Fjellstølene, og går i syd litt øst til merkestein (42), nedsatt ca. 60 m. fra åi, samme retning ca. 360 m. til do. (43), s.r. ca. 330 m. til do. (44), derfra i syd-sydøst ca. 395 m. til kors i fjell og varde (45) på en fjelltopp (høide 1375m.), derfra i sydøst ca. 470 m. til kors i berg og røis (46) på Kvitingann, omtrent samme retning ca. 385 m. til do. (47), også på Kvitingann og derfra i syd ca. 640 m. til trigonometrisk varde på Lainenesadn, merkepunkt 10. Herfra støter Fjellstølene-Holstein etter merkepunktene 10-14 til heimseterhavnen for Finset, Rusto og Hulebak.

Brukene i Hulebak og Nordre Finset har ~~rett~~ i Fjellstølene-Holstein rettighet til en del slått samt rettighet til hestehavn for 2 hester i 4 uker for hvert bruk. Disse rettigheter er avløst med et stykke grunn til full eiendom. Dette grunnstykke støter i nordvest til Langetjern, i sydøst og nordøst til grensen mot Trøimsbotn og Sør-Hydal etter merkepunktene 30-33 og steingjerde nær østre ende av Langetjern. Grensen mellom avløsningsstykket og Fjellstølene-Holstein er avmerket således:

Fra merkepunkt 30 (høide 1653 m.) går grensen i nordvest ca. 930 m. til merkestein (48), s.r. 135 m. til kors i stein (49), s.r. 250 m. til do. (50), s.r. 470 m. til do. (51), ca. 11,0 m. fra Langetjern ved dets sydvestre ende og s.r. til tjernet.

GRENSEBESKRIVELSE - FOR OMRÅDE I HOLSTEINLIA.

(I følge utskiftningsforretning i 1939).

14. I Holsteinlia, på nordre side av en stor myr, er utlagt til full eiendom nye setervoller for alle setereierne i havnesam-
eiet Fjellstølens-Holstein-Vabuleine. Yttergrensen for setervollene
er avmerket således:

Fra sydvestre hjørne går grensen i nord litt øst 0,8 m. til
merkestein (nr.1), samme retning 188,8 m. til do.(2) og s.r. 0,8 m.
til brytningspunkt, hvorfra grensen går i øst-nordøst 0,5 m. til
merkestein, s.r. 104,7 m. til do.(3) og s.r. 0,8 m. til brytnings-
punkt, hvorfra grensen går i øst 67,6 m. til merkestein (4), s.r.
50,3 m. til do.(5), s.r. 67,5 m. til do.(6), s.r. 34,1 m. til do.(7)
og s.r. 0,4 m. til brytningspunkt. Herfra går grensen i sydøst 0,5
m. til merkestein, s.r. 39,1 m. til do.(8), s.r. 92,4 m. til do.(9),
s.r. 48,6 m. til do.(10), s.r. 89,8 m. til do.(11), s.r. 69,0 m.
til do.(12), s.r. 90,3 m. til do.(13), s.r. 95,0 m. til do.(14) og
s.r. 0,3 m. til hjørnepunkt på nordvestsiden av en stor stein. Her-
fra går grensen i sydvest 1,1 m. til merkestein, s.r. 172,2 m. til
do.(15) og s.r. 0,4 m. til hjørnepunkt. Herfra går grensen i nord-
vest 0,4 m. til merkestein, s.r. 80,0 m. til do.(16), s.r. 79,1 m.
til do.(17), s.r. 78,9 m. til do.(18), s.r. 118,0 m. til do.(19);
derfra i vest til nord 48,5 m. til do.(20), derfra i vest 88,8 m.
til do.(21), s.r. 45,6 m. til do.(22), s.r. 59,4 m. til do.(23),
s.r. 83,0 m. til do. og s.r. 0,6 m. til utgangspunktet.









Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:



postmottak@khm.uio.no

BL § 4




1 BYG

-  BOLIGER
-  BOLIGER
-  HYTTER
-  FORRETNINGER, KONTOR M.V.
-  INDUSTRI
-  OFFENTLIGE BYGNINGER
-  ALMENNUTTIG FORMÅL
-  TURISTBEDRIFT



2 LANDBRUKSOMRADER

-  JORDBRUK, SKOGBRUK
- 



3 TRAFIKKOMRADER (OFFENTLIG)

-  KJØREVEG
-  GANG- OG SYKKELVEG, FORTÅD
- 




4 FRIOMRADER





-  PARK, TURVEG, LEKEPLASS
-  IDRETT

5 FAREOMRADER


-  RAS, FLOM
- 


6 SPESIALOMRADER


-  BEVARING
-  NATURVERNOMRÅDE
-  AVLØPSANLEGG


- 
- 
- 
- 


STREKSYSMBOLER M.V.


 PLANEN, BEBYGGINGSPLAN


 VEI, FERNVEI, JERNVEI


 RAIL, GATA, TRÅK, TRÅK


 RAIL, GATA, TRÅK, TRÅK


 RAIL, GATA, TRÅK, TRÅK


 RAIL, GATA, TRÅK, TRÅK


 RAIL, GATA, TRÅK, TRÅK


 RAIL, GATA, TRÅK, TRÅK


 RAIL, GATA, TRÅK, TRÅK


 MILJØPLAN, PLAN


 MILJØPLAN, PLAN

 MILJØPLAN, PLAN


 TUNN


 TURLØYPE


 TURLØYPE

 TURLØYPE

 TURLØYPE

 TURLØYPE

 TURLØYPE

 TURLØYPE

X 325 700

X 325 500

REGULERINGSPLAN ENDRING MED REGULERNES BESTEMMELSER FOR

FJELLSTØLANE OG HOLSTEIN SAMEIGE
HEMSEDAL KOMMUNE

REVISJONER

SAKSBEHANDLING IFLG. BYGNINGSLOVEN

- 1. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRADET 10.3.88 KAG
- UTLEGGING TIL OFFENTLIG ETTERSYN I TIDSRØMMET
- 2. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRADET
- EVT. NYTT OFFENTLIG ETTERSYN
- 3. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRADET
- KOMMUNESTYRETS VEDTAK
- STADFESTET AV

PLANEN UTARBEIDET AV



SAK NR. TEGN NR. SAKSBEH.

GC016 01 KAG

PPSTASJON
1185 moh

220
220

X 325 200

UNIVERSITETET I OSLO

2

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Hemsedal kommune,
Teknisk etat,
3560 Hemsedal.

KOPPI

OSLO, 26. juni 1988.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

504-284/88-/eg

985/88 PON/mh

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR)

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR FJELLSTØLANE OG HOLSTEIN
SAMEIGE
FINSET, GNR. 71, RUSTO, GNR. 77 OG HULEBAK, GNR. 78,
HEMSEDAL KOMMUNE, BUSKERUD.

Vi viser til Deres forsendelse av 21. mars 1988.

Universitetets Oldsaksamling foretok en arkeologisk registrering i planområdet den 9. juli 1988. Det ble ikke funnet fornminner. Vi har derfor ingen merknader til planforslaget.

Skulle det oppdages fornminner ved tiltak i marken i planområdet, skal arbeidet stanses i den utstrekning det kan berøre fornminnene eller deres sikringssoner på fem meter, og melding skal sendes Universitetets Oldsaksamling, jfr. lov om kulturminner av 9. juni 1978, § 8.

Per Oscar Nybruget
forsker